

Nord-Etnedal kyrkje 150 år

Nr. 3

Haust 2016

48 . årgang

# KYRKJE-VARDE

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL




**KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:**


**KYRKJEVERJE**  
Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



**SOKNEPREST**  
Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: soknepresten@etnedal.kyrkja.no



**ORGANIST**  
Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: organist@etnedal.kyrkja.no



**TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR**  
Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: helenals.wright@gmail.com



**KYRKJELYDSARBEIDAR**  
Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: ellen.rudi@ostre-slidre.kommune.no



**SAKSBEHANDLAR**  
Linda Mæhlum Robøle  
tlf. 957 64 900  
E-post: l.robole@etnedal.kyrkja.no



**KYRKJETENAR**  
Jan Hagaseth, tlf. 61 12 12 12  
952 74 090

**KYRKJEKONTORET**

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

**DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:**


**BRUFLAT SOKNERÅD**  
Kjell Fjeld, leiar  
tlf. 404 04 820  
E-post: kjell@fjellsbygda.no



**N. ETNEDAL SOKNERÅD**  
Astrid Tollehaug, leiar  
tlf. 906 59 921  
E-post: astridtollehaug@bbnett.no



**ETNEDAL KYRKJELEGE  
FELLESRÅD**  
Ole Bergene, leiar  
tlf. 950 89 360  
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

# Oppslagstavla



## Bibelordet:

«Kast all dykkar uro på han, for han har om-sorg for dykk»

1. Peters brev 5,7

## 4. september kl. 1500 (Merk tida!)

Normisjonsdag i Bruflat kyrkje.  
Regionleiar Ann Helen Aaslund talar.  
Sang og musikk. Kaffe i kyrkja.



## Jubileum Nord-Etnedal kyrkje 150 år

**Søndag 11. september kl. 11**  
Gudsteneste og jubileumssamvær

**Søndag 2. oktober kl. 11**  
Familiegudsteneste og salmemaraton ( til 18)

Sjå s. 6 – 7

## Leige Bruflat menighetshus?

Kontakt Anne Marit Stensæter  
Tlf. 41 04 74 17

Kyrkjekrus kr. 100 (med begge kyrkjene)  
Kyrkjekort – N. Etnedal kr. 20  
Kan kjøpast i kyrkjene og på kyrkjekontoret




## Kjære alle som les Kyrkjevarden!

Takk for pengestøtte gjennom betaling av blad-pengar og gåver til bladet vårt!

Abonnementsavgiften er kr. 200 for dei som bur i Etnedal, kr. 250 for utanbygds buande.

Vil du vere med  
å betale i år?  
Alle beløp blir  
takne imot med  
takk! Kontonr. :  
21402014188

Helsing  
Redaksjonen  
v/ Marit prest



## Favorittdag ? I DAG

- Hvilken dag er det i dag, spurte Brumm. Det er i dag, knirket Nasse Nøff.
- Favorittdagen min, sa Brumm

Det finst tause menneske som er meir interes-sante enn dei beste talarane.

Disraeli

Forsida: N. Etnedal kyrkje. Foto: Astrid Tollehaug  
Baksida: Konfirmantane i Bruflat kyrkje. Foto: Ingun Kompen

## Jesus elskar alle barna...



Av Nils-Petter Enstad, Frelsesarmeens

### Tekst: Mark 10, 13 - 16

*Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men lærersteinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småbarna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.*

Som farfar til åtte får eg mange høve til å reflektere over scenariet «Jesus og barna». Søndagsskolesongen «Jesus elskar alle barna» er ein bereplanke i trua mi og i tanken min. Ikkje berre i min. Og det er få songar som er så elskaa som den Lapp-Lisa gjorde udødeleg: «Barnetru - til himmelen du er ein gylden bru».

Barn er gjerne tillitsfulle. Slik ønskjer vi at det skal vere, og slik er det ofte også. Det er slik Jesus vil det skal vere, for å seie det litt banalt. Derfor kunne han seie: «Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det». Vi forstår gjerne

utsegna at han då meiner vi skal ta imot Guds rike like tillitsfullt som eit lite barn, like vilkårlaust som eit lite barn. Så vilkårlaust som det er når eit barn strekkjer armane ut mot ein voksen som dei anten veit eller har grunn til å tru vil dei berre godt: Mat, trøyst, nærliek.

Jesu ord i denne teksten er retta mot disiplane. Det var dei som prøvde å hindre dei små barna i å kome til han. Samtidig gav han godkjenning til dei foreldre som faktisk kom med barna til han. Å kome til Jesus med barnet sitt er ein forrett ein har som foreldre. Som mor og far må ein gjere val for barna sine. Eitt av dei er om ein vil barnet skal bli kjent med Jesus eller ei.

Kvífor ville ikkje disiplane at dei små barna skulle kome til Jesus? Kanskje var dei mest opptekne av dei vaksne? Men i Jesu auge er barna like viktige som dei vaksne. Ja, det er barna som er målestokken. Han seier ikkje at den som kjem til han må bli voksen først, men at den som kjem skal bli som barn igjen. Derfor kan vi framleis syngje: «Jesus elskar alle barna! Barnetra si gylne bru ber stadig dei som går på den.

## Søndag er gudstenestedag

### Etnedalsdagane

Under Etnedalsdagane vart gudstenesta flytta ut av kyrkja og inn på scena ved Samfunnshuset.

Ca. 150 benka seg til ein ettertenksom time med song og musikk, vitnemål og bøn.

Serhiy og Yulianna sto for pre – og postludium, Honning og Rigabalsam og Bergegarda mannskor under leiring av Birgitte Rosenberg sang. Ellen Rudi, kyrkjelydsarbeidaren vår, las tekstane og Marit prest leia gudstenesta. Temaet var håp og framtid, og presten tok utgangspunkt i eitt av dei eldste kristne symbola, sommerfuglen. Gjennom sine utviklingsstadium er sommerfuglen eit bilde på sjølve grunnlaget i heile den kristne trua, Jesu Kristi oppstode.

Når det gjeld den fantastiske sommerfuglen, finnst det i Noreg åleine meir enn 1200 artar.



Bergegarda mannskor syng frå scena ved Samfunnshuset

### Grendegudsteneste på Solbjør

Eit tjuetals menneske var samla til grendgudsteneste på Solbjør i august. Gamleorganisten vår Siri Øverlier hadde take vegen fra Dokka og hjalp oss med tonefylgle. Ingun Kompen las tekstane og Marit prest forretta. Etter gudstenesta var det kaffe og kaker i triveleg lag.



Frå «kyrkjekaffen» på Solbjør

### Stølsmesse på N. Tangen

Også dette året tok Turid og Roger Byfuglien gjestmildt imot på N. Tangen til stølsmesse.

Selet på Tangen var meir enn fullt då Ole K. Hagaseth (som sjølv er oppvaksen med somrar på Tangen) orienterte litt om plassen, og ringte – med kyrbjelle – saman til gudsteneste.

Sigurd Skogstad sørga for tonefylgle med trekkspellet sitt og Marit prest forretta.

Tema denne dagen var om fridomen i Jesus Kristus, og gudstenestedeltakarane vart oppmoda om å lese Johannesevangeliet, etter at Marit hadde ein kort gjennomgang av innhaldet i denne spesielle boka i Det nye testamentet.

Etter messa serverte vertskapet stølsmat, rumme og heimysta brunost.



Ole K. Hagaseth, Sigurd Skogstad, Turid Byfuglien, Inger Hagaseth og Grethe Eva Bråten utanfor Nystølen på N. Tangen



Ivar og Siri Øverlier, Inger Lyberg og Leif Bergene har funne seg ein plass i Solveggen.

## Nord – Etnedal kyrkje – 150 år

**Bakgrunn for bygginga av Nord-Etnedal kyrkje**  
Nord-Etnedal vart eige sokn 2. juli 1864, etter å ha vore ein del av Skrautvoll sokn.

Før 1805 var heile Etnedal under Aurdal prestegjeld, som femna både noverande Nord-Aurdal, Sør-Aurdal og Etnedal. Fordi distriktet vart for stort for ein prest, fekk Aurdal ny inndeling. Etnedal vart delt slik at Bruflat sokn kom til å høyre til Sør-Aurdal og Nord-Etnedal til Nord-Aurdal.

Den nye soknestatusen i 1864 var resultat av eit arbeid som starta i 1840-åra for å få til ny kyrkje i Nord-Etnedal. Det var på 1800-talet stor folkeauke i Nord-Etnedal, kyrkjetrofikken over Ranheimsåsen auka difor sterkt, 1865 budde det 539 personar(!) i soknet.

1.juni 1862 var det tillyst møte i Ton om bygging av ny kyrkje.

Søknader hadde vore sendt, og sjølv om dei var støtta av herradsstyret i Nord-Aurdal fekk dei avslag både i Christians Amt ( noverande Oppland fylke) og i Christiania Stiftdireksjon. Amtet meinte at norddølene kunne få eigen gravplass og få døyp barna sine i Bruflat kyrkje når det var høveleg. På bakgrunn av uttalene sa også Kirkedepartementet nei, men norddølene ga seg ikkje.

Møtet slo fast at det «ansees ønskeligt, ja i geistlig henseende saare nødvendigt, at kunne få oss en liten Kyrkje oppbygget i dette afsidesliggende Fjeld-Dalstrøg»

Same år kom kyrkjesaka til ny handsaming i Nord-Aurdal herradsstyre, som

16. september samrøystes stilte seg bak ynskjet om at Nord-Etnedal skulle få si eige kyrkje.

### Tomt i gave

Det vart ein del diskusjon om kor kyrkja skulle ligge, men det løyste seg då det påtenkte nye soknet fekk tilbod om gratis tomt til kyrkje og gravplass frå Ole Erikson Ton i Nerre Ton.

Etter avtale kom kyrkjesangaren i Skrautvoll, K. Halvorsen, Erik O. Solbrekka og Tolleiv Marke, den siste var formannskapsrepresentant frå Nord-Etnedal i Nord-Aurdal herradsstyre, til Nerre Ton for å sjå på tomt 11. oktober 1862

Ole E. Ton ga tre alternativ, som dei kunne velje mellom.

Om tomta som vart valt skreiv dei at ho hadde glimrande plassering i høve til «i sin Tiid forventede Bygdeveis Anlæg igjennom Dale». Dei fekk rett.

Erik O. Solbrekka skreiv same dagen ny søknad, stila til kongen.

Søkneprest Melbye sende med eit vedlegg der han på det beste rådde til søknaden, og prosten i Valdres, Aabel, støtta og ynskjet til nordetnedølene. Søknaden «fortenes i fuldsta Maade at anbefales» skreiv han.

### Arkitektur

Utsjånaen på kyrkja i Nord-Etnedal vart ikkje helt slik norddølene hadde tenkt. Dei såg føre seg å bygge ei kyrkje som likna på Strond, ei korskyrkje, som nett var bygd (1860) og teikna av «overconctrolleur» John Stenersen på Nordåk.

Sentrale myndigheiter valte Jacob Wilhelm Nordan, ein røynd kyrkjearkitekt. NE kyrkje var attande kyrkja han fekk oppført, i alt teikna Norman nittiseks kyrkjer ( mellom anna Åsmarka kyrkje i Ringsaker og Nykirke i Snertingdal)

### Kongeleg resolusjon 2. juli 1864, ..

#### fyrste og andre punkt (utdrag)

1. At det naadigst tillades at opføre en Kyrkje, efter vedlagte af Architekt Nordan utarbeide Tegninger, for Districtet nordre Etnedalen under Skrautvolls sogn...
2. At nævnte District, naar Kirken bliver indviet, overgaar til eget Sogn under Navn af nordre Etnedals Sogn.


### Nord-Etnedal kyrkje vart innvigd 19. september 1866

Den fyrste vanlege gudstenesta vart, ifylgje dagsregisteret til søknepresten i Nord-Aurdal, halden dagen etter vigslina, altså 20. september.

#### Utdrag ved Marit prest

#### Kjelde :

Harald Hvattum  
Nord-Etnedal  
kyrkje 1866 – 1991  
(til 125 årsjubileet)



## Jubileumsfeiring

**Det blir jubileumsgudsteneste søndag 11. september kl. 11** med besøk av biskop Solveig Fiske og prost Carl Philip Weisser. Elles deltek dei lokale kyrkjemedarbeidarane.

Vi skal feire både dåp og nattverd på jubileumsgudstenesta, og det blir sanginnslag ved Bruflat sangkor, Syver Thon og Marit Lund.

50-årskonfirmantane er invitert og 4-åringane vil få kyrkjeboka si.

Etter messa blir det jubileumssamvær på Bruflat menighetshus med servering og helsingar, Vegard Hagaseth Lie vil lese jubileumsprolog, historia til Nord-Etnedal kyrkje blir

presentert, og Vegard Thon, NM-juniormeisteren vår i toraderspel har komponert ein eigen jubileums-lått som han vil framføre.

- Leiar i Nord-Etnedal sokneråd Astrid Tollehaug vonar at mange etnedøler, både frå norddalen og elles, vil kome og vere med på feiringa.


Nord-Etnedal sokneråd har i lang tid arbeidd med planer for 150års-jubileet.

Ved kyrkejubileet i 1916 då kyrkja var 50 år, vart det take bilde av alle som tok del i feiringa.

Eg vonar vi kan gjere dette også ved denne jubileumsmarkeringa, seier Astrid Tollehaug.

Reint praktisk vil vi gjere det slik at prosesjonen etter messa går direkte ned langs vestre veggen. Det er viktig at alle følgjer på slik at vi får tilsvarende plassering framføre kyrkja.

Sjå bilde:



Forutan jubileumsgudstenesta blir det **Familie-gudsteneste og salmemaraton 2. oktober kl. 11**


Også denne søndagen er det dåp, 4-åringane blir invitert på skattejakt og konfirmantane blir presentert.

Fleire syngande og spelande aktørar vil vere med på salmemaraton, som varar fram til kl. 18.

Kyrkjevandringa frå Kyrkjesletta på Dalen til Nord-Etnedal kyrkje blir i år 17. september kl. 1130.

Vi startar med ein liten informasjon om Kyrkjesletta, og førebur oss til vandringa med song og skriftlesing.

Det er obligatorisk for konfirmantane, og alle andre er hjarteleg velkomne til å vandre gjennom det flotte landskapet i Steinsetbygda – mot kyrkja.



Leiar i Nord-Etnedal sokneråd Astrid Tollehaug

# Kunstmålar, bilentusiast og etnedalspatriot – Jan Berntzen



Jan Berntzen med måleriet av Nord-Etnedal kyrkje, som har fått sin plass inne i kyrkja.

*Den viktigaste bygningen i norddalen, seier Jan Berntzen om Nord-Etnedal kyrkje. Etter spørsmål fra soknerådet måla han i vinter eit bilde av kyrkja, i ettertid har han sagt at det er hans jubileumsgåve. Bildet har fått ein sentral plass på venstre side midt i kyrkjeskipet, dessutan er det avfotografert og laga doble kort av måleriet.*

## Ein omfattande prosess

Kunstmålaren Jan har lagt sjela si i arbeidet. Han seier at han opplevde det som ei ære å bli spurt, sjølv om han godt visste om den omfattande prosessen han måtte gå inn i.

Det vart mange «befaringar» til Nord-Etnedal kyrkje, han var der om dagen og om kvelden og forska på lysforhold, for Jan er veldig opptakne av lyseffektar, detaljer i motivet, presise fargesettingar, skuggar, kontrastar og mjuke linjer.

Det har vore kjenslemessig sterkt å måle kyrkja, fortel Jan, og ektefellen Sølvi nikkar. Ho har også

engasjert seg mykje, og det kjem fram at ho er ein særdeles god kritikar å ha når Jan er i målemodus.

Begge er dei veldig opptakne av lys og lyssteminngar. På bordet i spisestova står ein stor engel, og dei fortel om når sola kjem og lysar opp engelen – i ein særleg vinkel. Dette lysfenomenet er ei religiøs oppleveling for oss, seier dei.

Fleire har undra seg over at kyrkjemåleriet er litt mørkt. Utan å gå for djupt inn i tolkinga seier Sølvi; Sjå på fullmånen som lyser ned på tårnet, dei gjennomførte opplyste vindauge og på lyssettinga over forspora i snøen, utanfor døra og i retning døra ... Begge to trekker dei fram tryggleiken, freden og stilla i kyrkjerommet.

## Jan og Sølvi Berntzen, kven er dei ?

kven er dei eigentleg, Sølvi og Jan, desse to som sidan 1998 har vore busett på Knausen ved Oset i norddalen ?

Jan er oslogut, oppvaksen på Årvoll, nord for Sin-

senkrysset. Sølvi er frå Lillestrøm, men etter at ho og Jan fann kvarandre og gifta seg, vart det Oslo på begge, nærmere bestemt på Lambertseter. Dei har to barn, Ronny og Marita, og no kan dei også fortelje om seks barnebarn, noko dei svært gjerne gjer!

Sølvi hadde sitt arbeid i Posten og Jan var dreiar og mekanikar, først lærling og sedan tilsett i firmaet A/S Progress på Carl Berners plass.

Han dreide i stål, komponentar mellom anna til bilar og trikkar og til oljeindustrien. Ei gong hadde dei ordre på nye tannhjul og akslingar til heile trikkeparken i Oslo sporveier. Det var dei akslingane Jan sette sin sirlege signatur på. Ein vel ansett dreiar var unge Berntzen, men han var ikkje nådig sjefen den gongen..

## Tidleg interesse for teikning og måling

Kunstmålaren Jan har ingen formell utdanning i faget, men han har likt å teikne sidan han var liten gut, og i skuletida låg teiknekarakteren alltid hakket over dei andre karakterane.

Frå ei tante fekk han sitt fyrste målarskrin, - ho kjøpte nett det han ynskte seg, og seinare utvikla det seg frå vannfargar til oljemåling på lerret.

Litt genestisk kan denne ferdigheita kanskje vere, ein onkel var proff kunstmålar og inspirerte også Jan til å måle, men sjølvlært er han, alle knepa har han tilteigna seg på eige hand og han gjer 100 % av seg sjølv når han målar. Jan seier det er ei mental påkjenning, for han går djupt inn kvart einaste motiv.

Både Ronny og Marita har forresten arva anlegga og interessa for teikning og måling.

## Forholdet til Etnedal

Frå han var ganske liten har Jan feriert i Etnedal. Hans barndoms paradis var hytta på Lundmoen, som onkel Oddvar og tante Bjørg Berntzen

leigde av Aksel og Marit.

Dit hadde Jan mange ferieturar og eit spekter av gode minner frå alle faser.

Ein dag han og Marit Lundmoen sto saman i stilla og såg på utsikta, sa Marit ; No er du komin heim. Jan, som då var sju år, skal ha svara ; Ja, det er her eg skulle vore fødd.

Det var alltid tungt å reise frå Etnedal då ferien var over. Slik var det for Sølvi også då ho etterkvart kom inn i Jan sitt liv og vart med til Etnedal.

Etter at dei to stifta heim og familie leigde dei ei hytte på campingplassen ved Oset. Og det vart verre og verre for dei begge å reise derifrå då ferien var over. Så vart huset på Knausen lagt ut for sal, og Sølvi og Jan var ikkje seine om å melde interesse.

Året var 1998. Atten år seinare er mykje gjort både ute og inne. Blant fleire skulpturar i hagen står «Frihetsgudinnen», tru kopi av henne som står høgt heva over innseglinga til New York. Det er ikkje heilt tilfeldig. Når du kjem inn i gangen, ser du monter med små og litt større amerikanske bilmodellar og andre effektar, kjøkkenet er pussa opp i amerikanisert retrostil heilt ned til minste detalj og i stovene opnar det seg mot fleire spesielle måleri som fangar merksemda så snart du kjem inn. Måleriet som heng over sofaen er det største Jan har måla, eit motiv med skog og røter og eit vell av detaljar.



Sølvi og Jan Berntzen, ved siden av det store måleriet som heng i stova

Det har vorte mange måleri gjennom åra. Ei rekke av dei er laga på bestilling, så som hestar, hundar og båtar, og ein del har bestilt måleri av barndomsheimen sin.

I fleire forretningar i hovedstaden har også bilde med Jan Berntzen sin signatur hange, og han har hatt utstillingar. Ein gong stilte han ut bilde på Etnedalsdaga, og det er fleire i Etnedal som har ein Berntzenoriginal på veggen.

#### Amcar - entusiast

Jan har vore bilinteressert sidan barndomen. Faren tok med Jan opp på brua over riksvegen ved Årvoll og såg på bilar. Der kunne dei stå lenge og sjå på dei ulike biltypene som for forbi, og Jan var berre 17 år då han kjøpte sin fyrste bil, ein IFA med glassfiberkarosseri.

Han legg ikkje skjul på at han alltid har vore spesielt interessert i amerikanske bilar, og den fyrste han åtte var ein 67 Mustang HT. Sidan har det vore mange, og den velpolerte bilen som står i garasjen no, er ein 58 Ford Skyliner, som det visstnok berre er åtte av i Norge. Tidlegare var Jan på mange Amcar-treff, og har fått ei rad med pokalar med seg heim, men den

gjevaste er kanskje pokalen som Skyliner'en fekk som finaste bil på treffet sist han deltok. Der var det mange gjeve og fine modellar.

Den flotte Skyliner står parkert ved sidan av to nyare Mercedesar, ein cabriolet sølvmetallic, sommerbil og ein Mercedes Coupe, mørkgrøn, nesten svart i fargen. Jan ser og kan alle detaljane i bilane sine, og han meinar det er viktig for alle å ha ein eller anna lidenskap. For ham er det bilar og måling.

#### Om å sjå

Når du kjem i Nord-Etnedal kyrkje, på jubileums-gudstenesta eller seinare, skal du stanse opp og sjå på bilar. Der kunne dei stå lenge og sjå på dei ulike

Både Sølvi og Jan er spesielt opptakne av å sjå, både praktisk langs vegen, i naturen og i overført tyding. Eg kan stanse ved ein blome, eit tre, ei rot, ei sky ... og sjå – lenge, seier Jan, som også omtalar den kvite kyrkja i nord som ein lysfakkelen.

Eit sjåande menneske har eit meiningsfullt liv.

*Marit prest*



Fra garasjen på Knausen, bak «sommarmercedesen» står Ford Skyliner, ein sjeldan Amcar.

## Ønskediktet

Jeg takker Ingebjørg N. Kleven for oppfordringen.

I disse tider der mange av jordens mennesker er på flukt, og trenger mye støtte fra andre, mener jeg det er viktig at vi alle prøver å bidra til dette der vi er.

Alle bidrag teller. Jeg håper at alle får en fin og hjelppsom haust.

Jeg oppfordrer min gode nabo Sigrun Sandberg til å velge ønskedikt i Kyrkjevarden neste gang.

Med vennlig hilsen  
Allie Lunde Nermoen

#### Ta deg tid

*Ta deg tid, lat sjela leva  
Og sin rikdom ut å gjeva.  
Rekk ei hand til bror på jord.  
Spreid om deg eit gavmildt ord*

*Liv og veg har stormfull ...båra.  
Venleg sinn kan turka tåra...  
Du og eg treng smil på veg.  
Hjelp og hand ved trøytte steg.*

*Ingen bør som levitt gjera:  
Gå forbi- seg sjølv å vera.  
Hjelpa kan ein kor ein går.  
Ljos i sjel av det ein fär.*

...

*Gjev kje bror eit sår i hjarte.  
Gjev han heller solsmil bjarte...  
Kjend og ukjend jorda eig.  
Like inn i verd vi steig.*

*Litt fra vers 4 og litt fra 6:*

*Broder-rettferd kvar kan syna.  
Tru og liv kan ingen tyna.  
Ingen treng gå liv og ferd  
i ei kald og vonlaus verd.*

*Fra boka «Viser og vers» av Magne Sørflaten.*



## «Mi salme»

Min salme er Frelsesarmeens julesalme 2015 som er sunget av Helene Bøksle.

Da jeg hørte denne første gangen, var vi hver dag vitne til de enorme folkemengdene som flyktet fra kriegen i Syria og andre store katastrofeområder i verden. Vi var på julekonsert i Vang kirke og hørte Helene Bøksle sang denne. Det ble min salme.

Den forteller om mennesker som lider den største nød og som hver dag kjemper for å komme seg vekk fra krig.

Og at alle teller- uansett hvem vi er og hvor i verden vi er så heldige eller uheldige å bli født.

Tekst:

*Morgenlyset drysser kald på frossen jord.  
Noden krysser havet nå og famler etter ord.  
Men noen står på stødig trass og synger julen inn  
Enten teller alle, eller ingenting*

*Suppe, sjel og såpe, sagn om jordens salt.  
Hver dyrebare dråpe, ei historie fortalt.  
Hver Askepott på ballet, hver tåre for en ring  
Enten teller alle, eller ingenting*

*Ennå en gang, det hender på ny  
Den evige sang, varme og ly  
Frihet og fred, bak en blåne et sted*

*Drøm om engemarken, den himmelsendte sønn.  
Be for dem som ofrer mer enn mynter i en brønn.  
Men speidene fra arken, en ravn med drukket ving.  
Enten teller alle, eller ingenting*

*Ennå en gang, det hender på ny  
Den evige sang, varme og ly  
Frihet og fred, bak en blåne et sted*

*Om vår vilje finner feste i vårt eget speil og sinn.  
Om vi kjennes ved vår neste, om vi slipper håpet inn.  
Om vi overlever havet, om du makter å bli sett.  
Om du tilfredsstiller kravet og la nåde gå for rett*

*Enten teller alle, eller ingenting*



Hanne Byfuglien

Jeg utfordrer min flotte, gode venninne Live Espelien til å velge salme i neste Kyrkjevarde.



## Kor vart det då dei

### Hans Lundstein – svensk etnedøl

Hans Lundstein er ein ekte etnedøl, født i Dæhlibygda for 50 år sidan, oppvaksen som оделсгут på Kringlemoen, gift med svenske Anna Skogtjärn og bur nær Uppsala med to svensk-norske gutter.

### Gifting før og no

Hans filosoferer gjerne over livets krokvegar. Besteforeldra gifta seg med folk i nærmiljøet. Foreldra gifta seg over kommunegrensene. Sjølv gjekk han over landegrensa. Rett nok jobba Anna som fysioterapeut på Tonsåsen då dei møttest, men Sverige vart heimlandet for familien.

### Lærar

Hans er utdanna lærar både i Noreg og Sverige. Han har jobba på skulen i Skrautvål tre år, var ein del vikar i Etnedal, og jobbar no med elevar i 5. til 7. klasse i Uppsala.

- Kva med språket, snakkar du berre norsk?

- Ja, her så! Ikkje i Sverige, nei. Vi er mange innvandrarar i Sverige som snakkar därleg norsk, smiler han. - Perfekt i det svenske språket blir eg nok aldri, men

eg prøver. Elevane er flinke til å rette på meg! Det er bra at dei er språkmedvitne!

### "Fars-mål"

Sønene Alexander og Johannes har sjølvsagt svensk som morsmål, men dei har "fars-mål-opplæring" i norsk i tillegg, så dei klarar seg godt i begge land. Alexander er også konfirmert i Etnedal.

### Bur landleg

Familien slo seg ned utanfor storbyen Uppsala. Dei har eige hus i eit område der det er like mykje skog som det er jorde i Etnedal, og like mykje jorde som det er skog her. Det var aldri aktuelt å bu i byen. Med 23 kilometer skuleveg køyrrer han gutane (15 og 11 år gamle) til skule og eigen jobb. Dessutan må dei til byen for å handle. Det er mykje meir sentralt her i Etnedal, seier han.

### Naturinteressert

Hans har sine interesser i natur og dyreliv. Han likar å jakte og plukke bær. På kjøkkenbenken står det askar med ferdig reinsa blåbær, og ei stor bytte som ventar. Gutane er også interesserte i å plukke bær, når far får dei vekk frå innesyslar som ungdom flest likar.



## Sommar-kaféen på Breien

Inger Toril Holte Breien er ei aktiv dame med mange jarn i elden. Varmt er det også når ho jobbar med kaféen som var så populær at han trengde lite marknadsføring denne sommaren.

### Fire kafé-dagar

- Dei fire tysdagane vi har hatt kafé-drift i sommar, har det vore veldig bra med besøk, sier Inger Toril. - Det var ein jamm straum av folk som fordelte seg over dagane og i stovene. Det er så godt når det heile tida er plass til dei nye som kjem, og ingen må vente på plass.

### Tradisjon

Menyen har vore vaflar, dugurdsgraut av bygg og havre, kaffe-is og drikke til. - Vi prøver å ta vare på lokale tradisjonar med litt moderne vri, seier den travle kokka, som heldigvis har hatt god hjelp av Liv Elise Nybråten. Ektemann Fredrik Holte Breien rømmer i blant vekk. Han tek med sønene Alfred og Herman, for til tider kan dei to minste kanskje vera litt vel hjelpsame med kafé-drifta.

### Restaurering

Inger Toril fortel at dei også held fram med å restaurere det eldste Breien-huset, som er nabohuset til ka-



Møteplass: Mange møtest ofte over ein kaffekopp på kafé. På Breien var det to som møttest i sommar etter mange år. Vesla Brandtzæg (til venstre) vokste opp i huset som no er kafé, og gjekk saman med Oddrun Fredriksen Haug på framhaldskulen i Etnedal i 1948.




Breien: Inger Toril Holte Breien har i sommar hatt god hjelp av Liv Elise Nybråten med den populære gardskaféen. Slektningen Vesla Brandtzæg, døypt Gerd Breien, synest også det er kjekt med mykje aktivitet i barndomsheimen hennar.

feen. Det blir måla og stelt tak, så det vantar ikkje på aktivitetar på tunet, sjølv om kafeen no er stengt for denne sommaren.

Ingur Kompen

## Hjørnet hass Jan:



### Tannlege-prat

Det var ein kar som måtte til tannlegen. Han hadde grua seg lenge, men til slutt sat han i stolen. Tannlegen måtte bore, bore og bore. Det gjorde skikkeleg vondt, men karen tenkte at dette skulle han klare.

Endeleg tok tannlegen ei pause, og han skjønte vel at dette ikkje var særleg behageleg. Han ville bruke paua til litt prat om noko heit anna enn tannhelsa, og spurde difor pasienten kva han hadde til yrke.

Svaret var oppklarande og kanskje litt på kanten.

- Eg er snikkar, eg. Enn du?



Etnedal  
kommune

- Minst og best -

### Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no)

### Info frå kulturkontoret:

- Forslag på kandidater til kulturprisen: Innen 1. oktober til Gabrielle Backer på kulturkontoret.
- Kulturkvelden blir 28. oktober, med utdeling av Etnedal kommunes kulturpris
- Foredrag med Amal Aden på biblioteket 29. oktober

## Frå Etnedalsdagane

Etnedal kommune gratulerer!

Etnedal kommune gratulerer Granumsbygda Vel og Etnedal Jeger- og Fisk med fantastisk innsats og god gjennomføring av Etnedalsdagane 2016! Kommunen vil også gratulere Ingebjørg Saglien Bråten med Idrettsprisen og Vegard Thon med Olav Øverlis Minnepris. Vel fortjent etter flotte prestasjoner!

Vinner av Bustenskjolds ærespris 2016 var Etnedal Helselag. Laget er særdeles aktivt og blir lagt merke til for dette også på nasjonalt nivå. Kommunen gratulerer hver og én i helselaget med prisen!

Tusen takk til alle sambygdinger for innsatsen dere yter både i og utenfor Etnedal!



Ordførar Torill Grønbrekke overrakte prisene. Her får leder i Etnedal helselag Torgun Thon Hagaseth Bustenskjolds ærespris

## Dugurd



Fredager fra 12-14  
møtes vi på Frivilligentralen  
for varm mat, hyggelig prat og kaffe.

Har du behov for skyss dit  
eller lurer på noe?

Ring Fredrik på 941 24 925  
så ordner vi det.

## Konfirmantane i Bruflat kyrkje 5. juni 2016



Bakerst frå venstre: Hanne Bakken, Martin Hansebråten, Svein Sjåvik, Truls Granum, Erlend Sogn Bergene, Henriette Bjørnødegård. I midten: Maria Olsdotter Thon Steinset, Camilla Korsvoll, Elise Bjørndal Olstad, Silje Saglien Sørbu, Marte Småladen Strande. Foran: Othilie Stubbene, Solveig Lunde, Emilie Øybakk Elg Fossum, Amalie Bergene Tjernslien, Silje Ødegårdstuen Sletten og sokneprest Marit Slettum. Foto : Knut Kamphaug

## Konfirmantane i N. Etnedal kyrkje 12. juni 2016



Bak, frå venstre: Virgis Zavadskas, Svein Henning Sletten, Sivert Månum, Vegard Byfuglien, Eskil Hillestad Møller, vikarprest Jon Ragnarsson. Foran: Tåva Bergsbakken Røang, sokneprest Marit Slettum og Caroline Bachér. Foto: Knut Kampehaug

## DÅPSHØGTIDER



### Sofia Sveen Joplassen

vart døpt 10. juli i Bruflat kyrkje. Foreldra hennar er Ingvild Sveen Joplassen og Kim Sveen. Fadrar: Silje Barkost, Karen Maria Holmestad, Inger Johanne Joplassen, Stein Arne Sørli og Stian Svanheld. Prest denne dagen var Maria Walfridsson



### Marius Bergene og Helena Østgård

vart døpt 7. august i Bruflat kyrkje. Foreldra til Marius er Karianne Rogne og Kristian Bergene. Fadrar: Jostein Bergene, Bjørn Mikael Espelien, Britt Jensen, Vegard Rogne. Foreldra til Helena er Irene Kwamboaka Nyakundi og Erland Østgård. Fadrane til Helena: Monica Støy Østgård Stanes og Beatrice Nekesa Nyaranga



### Sondre Hagen

vart døpt 14. august i Bruflat kyrkje. Fadrar: Knut Eivind Ødegård, May Britt Lundmoen, Bjørn Bjørnødegård og Gjermund Østenby. Foreldra er Stig Tore Hagen og Elisabeth Ødegård

## SLEKTERS GANG

## DØYPTE



### Bruflat kyrkje

Ivan Andersen Urberg  
Eivind Byfuglien  
Sofia Sveen Joplassen  
Marius Bergene  
Helena Østgård  
Sondre Hagen

1. mai  
19. juni  
10. juli  
7. august  
7. august  
14. august

### Nord – Etnedal kyrkje

Tåva Bergsbakken Røang  
Bella Serei Patterson

30. april  
3. juli

## DØDE



### Bruflat sokn

Arne Strand  
Ruth Helene Skjelfjord  
Aslaug Urberg  
Arne Bergeid  
Gudrun Kluftødegård  
Henny Johnsrud

Jordfest  
3. mai  
31. mai  
7. juli  
27. juli  
4. august  
12. august

### Nord – Etnedal sokn

Oscar Bachér

1. juli



Tåva Bergsbakken Røang vart døypt i Nord-Etnedal kyrkje 30. april.  
Saman med Tåva står fadrane Kaia Grønbekk Bergsbakken og Stein Erik Røang



Ivan Andersen Urberg vart døypt i Bruflat kyrkje 1. mai  
Foreldra er Emilie Merete Heltne Andersen og Gjermund Urberg.  
Fadrar : Jostein Urberg, Hallgeir Urberg, Jeanette Huset og Anita Monsebakken



#### Søndag 4. september – 16. søndag i treenighetstiden

Kl. 1500 Brumunddal kyrkje.  
Normisjonsdag.  
Takkoffer til Normisjon. Kyrkjekaffe  
Regionleiar Ann Helen Aaslund deltek.

#### Søndag 11. september – 17. søndag i treenighetstiden

Kl. 1100 N. Etnedal kyrkje.  
Jubileumsgosteneste.  
Nord-Etnedal kyrkje 150 år  
50 års-konfirmantar.  
Utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4-åringar.  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

#### Laurdag 17. september

Kl. 1130 Kyrkjevandring frå Kyrkjesletta,  
Dalen til N. Etnedal kyrkje.  
Kl. 1100 Frammøte ved «Gamlebutikken» rett etter  
kyrkja for samkøring til Kyrkjesletta

#### Søndag 18. september – 18. søndag i treenighetstiden

Kl. 1100 Brumunddal kyrkje.  
Familiegudsteneste med utdeling av «Mi  
kyrkjebok» til 4-åringar  
50 års-konfirmantjubileum.  
Nattverd. Takkoffer til IKO

#### Søndag 25. september

##### Inga gudsteneste i Etnedal

Søndag 2. oktober – 20. søndag i treenighetstiden  
Kl. 1100 N. Etnedal kyrkje.  
Familiegudsteneste med dåp +  
Salmemaraton  
Konfirmantpresentasjon.  
Takkoffer til TV - aksjonen

#### Søndag 9. oktober

##### Inga gudsteneste i Etnedal

#### Søndag 16. oktober

Kl. 1100 Brumunddal kyrkje.  
Familiegudsteneste med utdeling av  
biblar til 10 – åringar  
Konfirmantpresentasjon.  
Takkoffer til TV - aksjonen

#### Søndag 23. oktober – 23. søndag i treenighetstiden

Kl. 1900 Brumunddal kyrkje.  
Sang- og musikkgudsteneste  
Takkoffer til Norsk Lærerakademi

#### Søndag 30. oktober Inga gudsteneste i Etnedal

#### Søndag 6. november – Allehelgens dag

Kl. 1100 N. Etnedal kyrkje.  
Minnegudsteneste  
Kl. 1900 Brumunddal kyrkje.  
Minnegudsteneste

#### Søndag 13. november – 26. søndag i treenighetstiden Inga gudsteneste i Etnedal

Søndag 20. november – Domssøndag  
Kl. 1100 Brumunddal kyrkje.  
Gudsteneste med nattverd.  
Takkoffer til Det norske bibelselskap

#### Søndag 27. november – 1. søndag i advent

Kl. 1600 Brumunddal kyrkje.  
Lysmesse. Fakkeltog. Julegrantenning.  
Takkoffer til Eldorado

#### Søndag 4. desember – 2. søndag i advent

Kl. 1100 N. Etnedal kyrkje.  
Lys vaken – gudsteneste.  
Takkoffer til Juniorgjengen

#### Søndag 11. desember

##### Inga gudsteneste i Etnedal

Torsdag 15. desember –  
Kl. 1900 N. Etnedal kyrkje. Julekonsert med Brumunddal  
musikklag og Brumunddal sangkor

#### Søndag 18. desember – 4. søndag i advent

Kl. 1900 Brumunddal kyrkje.  
Julekonsert med Brumunddal musikklag og  
Brumunddal sangkor

*Med etterhald om evt. endringar.  
Gudstenestene blir kunngjort kvar torsdag i «avisa  
Valdres»*

